

MÅNADSRAPPORT 2023-11

Nye Førde sjukehus

NYE FØRDE SJUKEHUS
- bygt med vår innsikt og innsats



Rapporten sitt formål og bruk


Denne rapporten skal nyttast mot alle partar som har behov for innsyn og oversikt over status i arbeidet med Nye Førde sjukehus.

Rapporten vil bli nytta som grunnlag for tertialsrapportering til Helse Vest, rapportering til styret i Helse Førde og styringsgruppa for prosjektet. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg for heile organisasjonen i Helse Førde ved at rapporten blir lagt ut på intranettet til Helse Førde.

Rapporten vil bli oppdatert ein gong per måned, og det blir ført løpande revisjonslogg på dokumentet.

| Revisjons logg | | | |
|----------------|-----------------------------------------------------|-----------|----------|
| Dato | Endring | Utført av | Godkjent |
| 2019-04-05 | Utkast til rapport for gjennomgang i styringsgruppe | KIS | |
| 2019-04-12 | Sluttjustert for styremøte 29. april | KIS | |
| 2019-05-10 | Oppdatert for månadsrapport for april | KIS | |
| | Sletta revisjonslogg | | |
| 2023-02-24 | Oppdatert månadsrapport for januar | KIS | |
| 2023-03-22 | Oppdatert månadsrapport for februar | KIS | |
| 2023-05-16 | Oppdatert månadsrapport for April | KIS | |
| 2023-10-27 | Oppdatert månadsrapport for september | KIS | |
| 2023-12-11 | Oppdatert månadsrapport for november | KIS | |

Sterilteknisk utstyr - i full fart inn på sjukehuset



1. Store dimensjonar, ei maskin per trailer.
2. Modul på plass – her vask og desinfisering av vogner og traller.
3. Tilpassing av bygg og utstyr på millimeter - her vask og desinfisering av fleksible skop.

Då byggeprosjektet forsto at pandemien kunne påverke levering av teknisk utstyr, bestemte dei seg for å framskande bestilling av det som skulle inn i den nye sterilsentralen.


For å sette Livabygget i drift må ein fullt operativ sterilsentral vere på plass. Og no i god tid før opning av bygget har billass etter billass levert utstyr. Utstyret blir fortløpande montert, og i sterilsentralen er fleire av modulane med utstyr på plass.

Det er eigne ressursar på teknisk drift og i organisasjonen som har hatt ansvar for å planlegge og bestille. Løysingane er vel gjennomtenkt og forventningane er høge. Teknisk drift følgjer no tett opp ferdiggjeringa av sterilsentralen.

- Det er svært avansert utstyr vi får levert og montert. Det er nerverar heile vegen, vil bygg og maskin passe i hop og vil utstyret fungere som det skal, seier drift- og serviceteknikkar Stig Bjørnar Kjempenes.

Innhald

| | | |
|-----|--------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1 | Kort status om arbeidet | 4 |
| 2 | Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet | 4 |
| 3 | Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet | 5 |
| 3.1 | Sluttprognose og disponering av reserve i Livabygget | 6 |
| 3.2 | Sluttprognose og disponering av reserve i Svana 1 | 8 |
| 3.3 | Kostnadsutvikling for utstyr | 8 |
| 4 | Spesielle problem og tiltak | 9 |
| 5 | Brukarmedverknad, status og samarbeid | 10 |
| 6 | HMS | 10 |
| 6.1 | SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø | 10 |
| 6.2 | Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus | 10 |
| 6.3 | HMS-avvik | 12 |
| 7 | Informasjonsarbeid | 13 |
| 8 | Hovudaktivitetar neste periode | 13 |



1 Kort status om arbeidet

Overordna status:

Framdrifta er god, dialogen med Veidekke er god og sluttprognosen er uendra. Det pågår avklaringar knytt til tekniske løysingar for klimastyring av Livabygget, og desse dialogane har ein risikoprofil som ligg innanfor reservemarginen i prognosen.

Svana mini er prinsipielt definert i omfang, men det pågår arbeid for å detaljvklare løysingar for ombygging av Svana i plan 0. Prosjektet må har fokus på å få fram konklusjonar slik at detaljprosjektering og bygging av Svana mini kan gjennomførast i samsvar med overordna planar og målsetningar.

Det er gjennomført omfattande prosessar for å definere gjenbruk av utstyr, og OU prosessar har konkretisert driftsmodellane innanfor dei ulike funksjonsområda i Livabygget. Dette har medført innspel om auka utstysrbehov som må prioriterast saman med øvrig utstyr som Helse Førde har behov for. Det blir viktig å lande prioritering av utstyr på ein god måte slik at ein skaper entusiasme for å flytte inn i Livabygget, samstundes som vi finn ein ballanse opp mot øvrig økonomisk prioritering i Helse Førde sine budsjett.

Rapportering frå CA-PPM:

| + Statusrapportliste overordna | | | | [Filtrer: NFS-10 *] |
|----------------------------------------------|---------|---------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------|
| Program- / prosjektnavn | Navn | Samlet status | Kommentar generelt | |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | 2023-10 | | Dialogen mellom byggherre og entreprenør er god og det er få uavklarte saker. Svana 2 og Svana 3 er utsatt og samla sluttprognose viser ein toltakostnad på 1,875 milliardar som er 100 millionar mindre enn vedteken totalramme. | |
| 02 Flaumvern, veg og straumforsyning NFS HFD | 2023-10 | | Delprosjektet nærmar seg ferdigstilling, mindre delar av elektroforstyringa står att. | |
| 03 Livabygget NFS HFD | 2023-10 | | Stor aktivitet med tekniske installasjonar og innvendige innreiingsarbeid. Sluttprognosen for delprosjektet er 130 millionar over opprinneleg vedteke budsjett, dette inkluderer vedteke endringar og kostnader knytt til indeksutvikling | |
| 04 Ombygging Svana 1 NFS HFD | 2023-10 | | Samankopling av Liva og Svana har gått fint og dialogane med drifta av sjukehuset har vore god. | |

| + Statusrapportliste trend | | | | | | | | | | | | | | [Filtrer: NFS-10 *] |
|----------------------------------------------|---------|-----------------|--------------------------------|------------------|---------------------------------|-----------------|--------------------------------|---------------|------------------------------|------------------|---------------------------------|--------------|-----------------------------|---------------------|
| Program- / prosjektnavn | Navn | Status tidsplan | Trend status tidsplan fremover | Status kostnader | Trend status kostnader fremover | Status kvalitet | Trend status kvalitet fremover | Status risiko | Trend status risiko fremover | Status personell | Trend status personell fremover | Status nytte | Trend status nytte fremover | |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | 2023-10 | | | | | | | | | | | | | |
| 02 Flaumvern, veg og straumforsyning NFS HFD | 2023-10 | | | | | | | | | | | | | |
| 03 Livabygget NFS HFD | 2023-10 | | | | | | | | | | | | | |
| 04 Ombygging Svana 1 NFS HFD | 2023-10 | | | | | | | | | | | | | |

| + Statusrapportliste viktigaste punkt | | | | [Filtrer: NFS-10 *] |
|----------------------------------------------|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------|
| Program- / prosjektnavn | Navn | Viktigste hendelse | Viktigste utfordring | |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | 2023-10 | Detaljplanar for ombygging av obspost i akuttmottaket er komen skikkeleg i prosess, og dette inngår som del av Svana mini. | Overhalde den reviderte gjennomføringsplanen slik at 32 millionar kan nyttast på tiltak i Svana mini | |
| 02 Flaumvern, veg og straumforsyning NFS HFD | 2023-10 | Naudstrømsaggregat er montert | Trykke på arbeidet for å kunne setje sluttstrek i delprosjektet. | |
| 03 Livabygget NFS HFD | 2023-10 | Utkast til rokade/innflyttingsplan er utarbeidd | Oppfølging av Veidekke sin interne prosess for kvalitetssikre innvendig klima- og temperaturkontroll | |
| 04 Ombygging Svana 1 NFS HFD | 2023-10 | Flytting av sjukehusapoteket i vart gjennomført i samsvar med tidsplan | Avklare detaljar og dialogar for å gjennomføre ombygging i plan 1 og plan 2 | |

Risikoar i prosjektet

Den store risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt på differanse mellom kostnadsutviklingsindeks for byggeprosjekt og deflator. Denne risikoen er no talfesta og teken inn i den økonomiske rapporteringa delvis som ein kalkulert verdi og delvis som ein kostnadsrisiko i sluttprognosen.

Det har dei siste vekene vore tette dialogar om dei tekniske anlegga, og dette er iferd med å bli ein risiko som vi må sjå nærmare på for å definere eventuelle oppfølgingstiltak.

2 Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet

Det er i rapporteringa lagt til grunn ein endra gjennomføringsplan der arbeidet knytt til Svana 2 og Svana 3 blir utsett. Avviksrapporteringa framover vil vere knytt opp mot denne reviderte gjennomføringsplanen.

3 Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet


Budsjett og låneramme blir årleg justert i samsvar med deflator i statsbudsjettet. Justeringa er i oppstillinga nedanfor vist frå konseptfasen i 2015, og prosjektet si investeringsramme er no oppdatert til 1 992 millionar i 2024-kroner.

| Rammejustering | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | Vedtak | 2022 | 2023 | 2024 |
|---------------------|---------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Førre periode | 1 520,0 | 1 520,0 | 1 559,5 | 1 598,5 | 1 641,1 | 1 686,4 | 1 732,9 | 1 765,8 | 1 905,8 | 1 940,0 | 1 975,0 |
| Justering | | 39,5 | 39,0 | 42,6 | 45,3 | 46,5 | 32,9 | 140,0 | 34,2 | 35,0 | 17,1 |
| Gjeldande år | | 1 559,5 | 1 598,5 | 1 641,1 | 1 686,4 | 1 732,9 | 1 765,8 | 1 905,8 | 1 940,0 | 1 975,0 | 1 992,1 |

Deflator for statsbudsjettet for 2024 er på 4,3% . Det blir i denne rapporten rapportert i høve til ramma målt i 2024 kroner

Kostnadsmålet for nedjustert gjennomføringsomfang var 1,875 milliardar i 2023 kroner etter at Svana 2 og Svana 3 vart sett på vent. Dette var 100 millionar under rammejusteringa for 2023. Dette er det kostnadsmålet som prosjektet arbeider mot, og målt i 2024 kroner blir dette 104,3 millionar under den justerte ramma for 2024, kroner 1,888 milliardar.

Sluttprognose for Nye Førde sjukehus 2024 kroner inkl. MVA




| Restrukturert | | Status i prosjekt | | | | |
|---------------|----------------|-------------------|--------------|-------------|----------------|--------------|
| Delprosjekt | Budsjett | Påløpt | Gjenstående | Reserve | Sum | Differanse |
| Dagabygget | 334,0 | 333,3 | 0,0 | - | 333,3 | 0,7 |
| Infrastruktur | 88,3 | 87,4 | 3,5 | 0,2 | 91,1 | 2,8 |
| Livabygget | 1 092,3 | 914,3 | 303,2 | 11,9 | 1 229,4 | 137,1 |
| Svana 1 | 169,0 | 149,3 | 29,6 | 5,4 | 184,4 | 15,4 |
| Svana mini | 33,5 | 2,0 | 28,0 | 2,0 | 32,0 | 1,5 |
| Svana 2 | 208,0 | 17,5 | - | - | 17,5 | 190,5 |
| Svana 3 | 67,0 | 0,0 | 0,0 | - | - | 67,0 |
| SUM | 1 992,1 | 1 503,9 | 364,4 | 19,5 | 1 887,8 | 104,3 |

Det er i økonomirapporteringa no teke inn følgjande forhold og gruppering.

- Svana 2 og 3 er utsett til føretaket har tilstrekkeleg investeringsevne, og Svana mini er teken inn i gjennomføringsplanen med 32 millionar.
- Forskjell mellom deflator og kostnadsindeks er teken inn som kostnadar, og rapporteringa evaluerer storleiken månadleg.
- Det er etablert ei målsetning om å gjennomføre prosjektet på 1,888 milliardar, som er 104 millionar under vedteken ramme på 1,992 milliardar.

Sluttprognose og disponering av reserve i Livabygget

Utvikling Livabygget
Disponering reservepott og prognose for vidare reservebehov




| | apr.21 | mai | juni | juli | aug | sept | okt | nov | des | jan.22 | feb. | mars | apr | mai | aug | sept | okt | nov | jan.23 | feb. | sept | nov |
|-------------------------|--------|------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Behov for reserve | 37,0 | 12,0 | 10,0 | 20,0 | 22,2 | 22,1 | 23,9 | 23,9 | 10,3 | 10,3 | 10,3 | 10,3 | 8,3 | 6,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 22,5 | 11,5 | 10,7 | 6,6 | 11,9 |
| Indeksregulering | | 0,0 | 10,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 56,6 | 56,6 | 56,6 | 56,6 | 53,3 |
| Endring entreprenør | | 0,0 | 0,2 | 0,2 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,4 | 0,7 | 0,7 | 1,0 | 1,0 | 1,8 | 1,9 | 1,9 | 1,9 |
| Endring brukarbehov | 0,0 | 3,0 | 4,2 | 4,2 | 0,9 | 0,9 | 0,9 | 0,9 | 13,5 | 13,5 | 13,5 | 13,5 | 17,3 | 17,9 | 19,3 | 19,3 | 21,4 | 24,4 | 30,8 | 31,5 | 30,6 | 30,6 |
| MTU prioritert 2 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 | 8,0 |
| Regulerbare postar | | 0,0 | 8,4 | 8,4 | 9,6 | 9,7 | 8,7 | 8,7 | 9,8 | 9,8 | 9,8 | 9,8 | 9,8 | 11,2 | 11,3 | 11,3 | 11,3 | 11,3 | 11,2 | 11,2 | 12,8 | 12,8 |
| Byggherreleveransar | | 10,0 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,3 | 17,3 | 17,3 | 17,3 | 18,0 | 18,0 | 18,1 | 18,1 | 28,3 | 29,3 | 28,8 | 29,0 | 30,5 | 30,5 |
| Generelle kostnader | | 12,3 | 12,6 | 12,6 | 12,7 | 12,7 | 12,7 | 12,7 | 12,7 | 12,7 | 12,7 | 12,7 | 17,8 | 17,8 | 17,8 | 17,8 | 17,8 | 17,8 | 17,8 | 17,8 | 19,6 | 23,5 |
| Sum sluttprognose | 45,0 | 45,3 | 70,8 | 70,7 | 70,7 | 70,7 | 71,6 | 71,6 | 71,6 | 71,6 | 71,6 | 71,6 | 79,2 | 79,5 | 79,5 | 79,5 | 148,7 | 170,9 | 166,5 | 166,7 | 166,7 | 172,5 |
| Budsjett | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 | 37,0 |
| Differanse mot budsjett | -8,0 | -8,3 | -33,8 | -33,7 | -33,7 | -33,7 | -34,6 | -34,6 | -34,6 | -34,6 | -34,6 | -34,6 | -42,2 | -42,5 | -42,5 | -42,5 | -111,7 | -133,9 | -129,5 | -129,7 | -129,7 | -135,5 |

Forklaringar og hovudelement i disponering av reserven:

- **Generelle kostnader:**
 - KS av forprosjekt, samhandling med Veidekke og administrasjon 12,7 millionar
 - Administrasjon HVIKT 4 millionar
 - Oppdaterte planar for slutføring av prosjektet, kostnadsauke på 5,5 millionar
- **Byggherreleveransar:**
 - Operasjonsstover 17,4 millionar
 - Flytting av kostnad for sendestasjon minirørpost frå Svana 1 til Liva: 2,5 millionar
 - Kontrakt for innreiing av dei to siste operasjonsstovene 13,8 millionar
- **Regulerbare postar i kontrakt:**
 - Auke i stålprisar og mengderegulering for grunnarbeid 8,4 millionar
 - Klargjering for ventilasjon i to framtidige operasjonsstover 1,2 millionar
- **MTU prioritert 2:**
 - 8 millionar
- **Endra brukarbehov**
 - Sluttjustering av løysing i Livabygget: Fast inventar 10 millionar, 20 millionar øvrig endring.
 - Bygningsmessige endringar dei to siste operasjonsstovene 2 millionar
- **Indeksregulering**
 - Differanse mellom deflatorjustering av ramme i kostnadsindeks er teken inn med 56,6 millionar
- **Behov for reserve**
 - Dette er tilhøve og risiko som ikkje er mogleg å talfeste enno, i prognosen gitt som ein ambisjon for slutføring av prosjektet. Mange risikoar er no i ferd med å bli avklara.
- Det er etter februar 23 ei mengd småjusteringar på fleire av kategoriene

3.1 Sluttprognose og disponering av reserve i Svana 1

Utvikling Svana 1
Disponering reservepott og prognose for vidare reservebehov



| | apr.2 1 | mai | juni | juli | aug | sept | okt | nov | des | jan.2 2 | feb | mars | april | mai | aug | sept | okt | nov | jan.2 3 | feb | sept | nov |
|-------------------------|------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------------|------|------|-------|------|------|------|------|------|------------|-------|-------|-------|
| Behov for reserve | 10,6 | 8,4 | 8,4 | 9,9 | 11,8 | 11,8 | 10,8 | 10,8 | 10,8 | 8,4 | 8,4 | 8,4 | 8,4 | 8,4 | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 5,9 | 2,9 | 2,9 | 2,3 | 5,4 |
| Indeksregulering | | 0,0 | 1,5 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 8,8 | 8,8 | 8,8 | 8,8 | 8,8 | 7,5 |
| Endring entreprenør | | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,6 | 0,6 | 0,6 | 0,6 | -0,3 | 0,2 | 0,5 | 0,5 | 0,8 | 0,8 | 0,9 | 0,9 | 1,0 | 1,0 |
| Endring brukarbehov | | | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,6 | 0,6 | 0,6 | -4,3 | -3,3 | -3,0 | -3,0 | -1,8 | -1,8 | 6,9 | 6,9 | 7,0 | 7,0 |
| MTU prioritert 2 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 |
| Regulerbare postar | | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -1,9 | -1,9 | -1,0 | -1,0 | -1,4 | -1,4 | -1,4 | -1,4 | -2,4 | -2,1 | -0,9 | -0,9 | -0,9 | -0,9 | -1,9 | -1,9 | -1,7 | -1,7 |
| Byggherreleveransar | | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -1,7 | -1,7 | -3,2 | -3,2 | -3,7 | -3,7 | -3,7 | -3,7 | -3,5 | -3,5 |
| Generelle kostnader | | 3,0 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 4,9 | 6,9 | 6,9 | 6,8 | 6,8 | 6,8 | 6,8 | 6,8 | 6,8 |
| Sum sjuttprognose | 13,1 | 13,9 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,4 | 17,6 | 15,6 | 15,6 | 15,6 | 7,2 | 8,9 | 5,9 | 5,9 | 15,5 | 18,4 | 23,2 | 23,2 | 23,2 | 25,0 |
| Budsjett | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 10,6 |
| Differanse mot budsjett | -2,5 | -3,3 | -6,8 | -6,8 | -6,8 | -6,8 | -6,8 | -6,8 | -7,0 | -5,0 | -5,0 | -5,0 | 3,4 | 1,7 | 4,7 | 4,7 | -4,9 | -7,8 | -12,6 | -12,6 | -12,6 | -14,4 |


Hovudelement i disponering av reserven

- Generelle kostnader:
 - KS av forprosjekt, samhandling med Veidekke og administrasjon 6,9 millionar
- Byggherreleveransar
 - Teknisk korridor kjeller, reduksjon 1,5
 - Flytting av kostnad for sendestasjon minirørpost frå Svana 1 til Liva: reduksjon med 2,5 millionar
- MTU prioritert 2:
 - 2,5 millionar
- Endring i brukarbehov
 - Reduksjon MTU 1 med 1,2 millionar, endra gjennomføring for plan 2 med 6,6 millionar
- Indeksregulering
 - Differanse mellom deflatorjustering av ramme i kostnadsindeks er teken inn med 8,8 millionar
- Behov for reserve
 - Tilhøve og risiko som ikkje er mogleg å talfeste enno, i prognosen gitt som ein ambisjon for slutføring av prosjektet. Mange risikoar er no iferd med å bli avklara.
- Det er etter februar 23 ei mengd småjusteringar på fleire av kategoriane

3.2 Kostnadsutvikling for utstyr

Utstyr er eit område med risiko framover, og vi vil løpande i månadsrapporten ta inn ein logg som viser endringar i sluttprognosen for utstyr.

Kostnadsutvikling utstyr, Liva+ Svana 1



Målsetning for utstyr vart laga med prognose for GRU under budsjett og fast innreiing over budsjett.

Hovudelement i endringar på utstyr

- MTU prioritet 1
 - Operasjonsbord for dei to siste stovene 2,7 millionar
 - Pasientovervaking (nytt behov) 5 millionar
- MTU operasjonsstover
 - Utstyr til dei to siste stovene på 6,2 millionar
- Fast innreiing, pårørandesenger mm med 4 millionar
- Prisstigning og indeksutvikling på utstyr/div. avvik mellom kalkyle og tilbud 3 millionar
- Det er etter februar 23 ei mengd småjusteringar, både pluss og minus, på fleire av kategoriane

4 Spesielle problem og tiltak

Prosjektet nærmar seg slutføring av Livaprojektet, og det har dei siste månadane vore ein nedgang i tal risikoar. Risiko blir oppdatert og rapportert i CA_PPM plattformen til Helse Vest, og dei mest vesentlege er vist i lista nedanfor.

| Prosjekt | Usikkerhet | Sannsynlighet | Konsekvens | Beregnet usikkerhet | Kategori | Oppsummering av risikoreducerende tiltak |
|-------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------|---------------|------------|---------------------|----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 04 Ombygging Svana 1 NFS HFD | Rokkering av driftsfunksjonar blir krevjande | ⚠ 3 | ⚠ 4 | ⚠ 12 | Kvalitet | Tydleg kommunikasjon om framdrift i byggeprosjektet. Lytte til bekymringar i organisasjonen |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | Sein etablering av tenesteutviklingsprosjekt | ⚠ 3 | ⚠ 4 | ⚠ 12 | Kvalitet | Gi innspel til om aktuelle fokusområder som er avgjerande for NFS sin framdrift. Nye Førde sjukehus deltek i fellesfora med direktør for Fag og utvikling |
| 03 Livabygget NFS HFD | Sjukehusdrift - Endringsbehov knytt til endra tenester og medisinsk utvikling | ✅ 2 | ⚠ 4 | ⚠ 8 | Kost | Løpande kost/nytte vurdering av innspel. Løfte aktuelle saker til styringsgruppa. |
| 03 Livabygget NFS HFD | Prosjektkultur - Samarbeid mellom Veidekke og Helse Førde sviktar | ✅ 2 | ⚠ 4 | ⚠ 8 | Kost | Prosjektleder følger opp med deltaking i eit uformelt kaffikoppmøte saman med Veidekke kvar veke. |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | Manglande framdrifts koordinering mellom byggherreleverasør og Veidekk | ✅ 2 | ⚠ 4 | ⚠ 8 | Kost | Lage detaljerte utstyrsplanar og halde dialog med Veidekke |
| 03 Livabygget NFS HFD | Sjukehusdrift - Manglende kommunikasjon og infomasjon | ⚠ 3 | ✅ 2 | ✅ 6 | Kvalitet | Kommunikasjonsrådgiver må vere tett på pulsen i prosjektet, delta på aktuelle møteter og vere proaktiv. |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | Fare for mangelfull intern kommunikasjon | ⚠ 3 | ✅ 2 | ✅ 6 | Kvalitet | Eigen dedikert kommunikasjonsmedarbeidar som kan vere proaktiv med deltaking i prosjektgruppmøter mm. |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | Fare for at effektive nye løysingar ikke blir implementert | ✅ 2 | ⚠ 3 | ✅ 6 | Kost | Eigarskap til løysingane skal etablerast ved at det er driftsorganisasjonen som gir føringar for utvikling av byggeprosjektet. |
| 04 Ombygging Svana 1 NFS HFD | Forsinkelsar på eigne leveransar | ✅ 2 | ⚠ 3 | ✅ 6 | Kost | Lage plan for anskaffelse og følgje opp denne |
| 00 Nye Førde sjukehus NFS HFD | Krigen i Ukraina | ✅ 2 | ⚠ 3 | ✅ 6 | Kost | Identifisere dei viktigaste forholda og prøve følgje desse opp i høve til framdrift og fleksibilitet i gjennomføringsplan |

5 Brukarmedverknad, status og samarbeid

Brukarprosessane har dei siste månadane vore konsentrert om planlegging av rokade/ta i bruk og avklaringar knytt til utstyr i det nye bygget.

Det er særleg rokaden for operasjonsavdelinga i plan 2 som har hatt sterkt fokus, og det er no etablert planar som gjer det mogeleg å oppretthalde tilnærma full drift.

Samankopling av nytt og gammalt bygg er planlagt saman med driftsavdelingane på dei ulike etasjane og fysisk arbeid er no i gang og dialogane med driftsavdelingane har vore gode

Det er generelt færre tverrgåande saker knytt til byggeprosjektet, det er mest detaljklaringar mog enkelte funksjonsområde, så det blir no lagt planar for å redusere tal prosjektgruppmøter til kvar fjerde veke.

Det blir no starta arbeid for detaljklare korleis dei ulike funksjonsområda skal simulere og trene i nye lokale med nytt utstyr i forkant av innflytting

6 HMS

6.1 SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø

Byggeprosjekt er ein arbeidsplass som er underlagt byggherreforskrifta. Denne forskrifta skal sikre sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for arbeidsplassar av skiftande karakter.

Det er for prosjektet utarbeidd ein overordna SHA-plan for Nye Førde sjukehus, og føringar frå den overordna planen skal implementerast i entreprenøren sine planar for gjennomføring av dei ulike delprosjekta. Vedlikehald av den overordna SHA-planen er Helse Førde som byggherre sitt ansvar.


Vernerundar blir gjennomført kvar 14. dag med deltaking frå entreprenørar og vernetenesta i Helse Førde.

6.2 Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus


Prosjektet følgjer standarden for Grønt sjukehus, og har utarbeidd eigen miljøoppfølgingsplan i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Entreprenør gjennomfører systematisk oppfølging og utkvittering av miljøoppfølgingsplanen.

Siste status og log for utvikling (status blir ikkje rapportert kvar månad):


Status miljøoppfølgingsplan Liva + Svana 1, samla ferdigstillingsgrad
(kvart tema utgjør 10% ved ferdigstilt MOP)



Det er i prosjektet eit mål om sorteringsgrad på 80% for avfall:




Sorteringsgrad i perioden
01.11.2023 - 30.11.2023



Sorteringsgrad hittil i prosjektet
01.06.2021 - 30.11.2023

Utvikling hittil i prosjektet 01.06.2021 - 30.11.2023



6.3 HMS-avvik

HMS-avvik blir i prosjektet meldt og følgt opp i ulike system:


1. Helse Førde si avvikshandtering er i Synergi. Her inngår melding frå Helse Førde-tilsette og handtering av avvik som grensar inn mot drifta av sjukehuset.
2. Entreprenør sitt avvikssystem blir nytta for gjennomføring av dei ulike delprosjekta.

Tal arbeidstimar på byggeprosjektet har no auka kraftig og det vil vere behov for eit sterkt fokus på HMS. Det er i gjennomsnitt ca. 100 personar innom byggeplassen kvar dag.

Frå Veidekke har vi for Liva og Svana 1 følgjande rapportering frå sist månad:

| Rapport | Veidekke inkludert UE | |
|---------------------------------------|-----------------------|--------------------------------|
| | Siste periode | Akkumulert hittil i prosjektet |
| Fraværsskader (H1-verdi) | 0 | 1 |
| Skader uten fravær (H2-verdi) | 0 | 4 |
| Nestenulykker | 0 | 4 |
| Rapportering uønskede hendelser (RUH) | 49 | 979 |
| Vernerunder | 3 | 79 |
| Sikker Jobb Analyser /SJA) | 0 | 64 |

HMS-Avvik per alvorlighetsgrad



Frå entreprenør si rapportering for sist måned:

Alvorleg avvik

Det ble registrert ett alvorlig avvik i perioden som omhandlet åpen dør inn til Liva fra gangbroen i plan 08. Det er iversatt tiltak med kontroll av securitas og bedret rutine for låsning.

Trend

Det er flest avvik knyttet til gardintrapper. Det har vært et gjentakende problem i prosjektet med konstant fokus. Det er økt fokus i foregående periode som gjenspeiler antall registrerte avvik. Det vil fortsatt være økt fokus på dette fremover og andre tiltak vurderes dersom trenden ikke snur. Vi ser en økning i antall rapporterte avvik siden forrige periode. Det er tatt gjennomgang med egne fagarbeidere for å øke bruk av rapportering. Det vil fortsatt være fokus på å øke mengden rapportering blant arbeiderne ift. rapportering av RUH.

7 Informasjonsarbeid

Kommunikasjonsaktivitetar:

| Kolonne1 | Kommunikasjonsaktivitet | Mottak | Dato | Prognos | Merknad ved rapportering | Status | Merknad ved lukking |
|--------------------|------------------------------|----------------------|---------|---------|-----------------------------------------------------------------------|--------|---------------------------------------------------------------------------|
| Nye Førde sjukehus | Informasjonssystem | Alle | 2022-12 | ● 1 | Skilt, adressepunkt, informasjonsinfrastruktur | Ope | Taktill merking i Liva- og Svanabygget. Oppstart arbeid med interne skilt |
| Nye Førde sjukehus | Presentasjonar + infografikk | Tilsette i HFD | 2022-03 | ● 1 | Interne møte og samlingar | Ope | |
| Livabygget | Intern og ekstern info | Alle | 2022-10 | ● 1 | Mediarbeid | Ope | |
| Livabygget | Synfaringar | Alle | 2022-11 | ● 1 | Interninformasjon om organisering | Ope | Tilbodet gjeld framleis |
| Nye Førde sjukehus | Interninformasjon | Alle | 2023-04 | ● 1 | Om sengepostprosjektet - | Ope | organisasjonsutvikling |
| Nye Førde sjukehus | Materiell | Alle | 2023-04 | ● 1 | Oppdatere grafikk og illustrasjonar - m.o.t Svana Mini | Ope | |
| Nye Førde sjukehus | Utviklingsarbeid | Brukarorganisasjonar | 2023-08 | ● 1 | Oppstart plan taktill merking | Ope | Møte med entreprenør, møte med brukarutvalet |
| Nye Førde sjukehus | Informasjon/utviklingsarb. | Tilsette i HFD | 2023-09 | ● 1 | Kort om OBS-posten | Ope | FoU informasjon |
| Nye Førde sjukehus | Informasjon/utviklingsarb. | Tilsette i HFD | 2023-09 | ● 1 | Kort om kvilesone | Ope | FoU informasjon |
| Nye Førde sjukehus | Informasjon | - | 2023-10 | ● 1 | Foto + video av sengerom i Livabygget | Ope | |
| Nye Førde sjukehus | Informasjon | Alle | 2023-10 | ● 1 | Publisering av bilde frå sengerommet | Ope | Innsida, Helse-forde.no, FB, LinkedIN |
| Nye Førde sjukehus | Informasjon | Tilsette i HFD | 2023-10 | ● 1 | Publisering av video frå operasjonsstovene | Ope | Innsida, prosjektsida til NFS |
| Nye Førde sjukehus | Utviklingsarbeid | Tilsette i HFD | 2023-10 | ● 1 | Framlegg til prisnipp for foliering av vindauge og dører i Livabygget | Ope | |

Note: Stadig større del av kommunikasjonsarbeidet blir knytt til organisasjonsutvikling, rokade og innflytting.

8 Hovudaktivitetar neste periode

For i neste periode vil ein ha følgjande hovudaktivitetar:

- Nybygg Liva:
 - Innredning og teknisk montasje i plan 1 og 2 hovudsakleg o Restarbeider i 0 og 4-8.
 - Mekanisk ferdigstilling i plan 8 og store deler av plan 0
 - Raud sone i plan 8 og deler av plan 0
 - Komplettering fasade
 - Bygge gangtunnel til Daga
- Ombygging Svana: Ombygging poliklinikk og obs-post

Milepelar for arbeidet framover:

| Prosjekt/delprosjekt | Aktivitet | Mileple | Prognos | Merknad |
|----------------------|------------------------------------------|------------|---------|-------------------|
| Livabygget | FDV 50% ferdigstilt | 2023-08-18 | ● 1 | |
| Svana 1 | Sjukehusapoteket flytta | 2023-09-10 | ● 1 | |
| Livabygget | Oppstart ombygging av plan 1 og plan 2 | 2023-09-10 | ● 1 | |
| Nye Førde sjukehus | Fysisk ferdigstilling av Liva og Svana 1 | 2024-03-07 | ● 1 | Kan bli tidlegare |
| Nye Førde sjukehus | Overtaking av Liva og Svana 1 | 2024-08-22 | ● 1 | Kan bli tidlegare |